

Vidar Mjøs

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 28. august 2019 13:51
Til: 'Silje Aileen Hjortland Haukedal'; 'Postmottak Radøy'
Kopi: 'post@flohholmen.no'; 'Kenneth Taule Murberg'; 'John Bauge'; 'Normann Sæbø'; 'Leif Gunnar Taule'; 'Jon Askeland'; 'Lorentzen Pål Arne Frostad'; 'Christel Villanger Håland'; 'Nilsen, Hilde Rasmussen'; 'fmvlpost@fylkesmannen.no'
Emne: VS: Fløholmen småbåthamn

Eg sender meldinga nedafor på nytt, no med referanse til nyleg kommunestyrevedtak om temarevisjon av kommuneplanen 2019 :

Utdrag frå planskildringa (side 13)

Fastsetjing av byggegrense langs sjø

Prinsippa for fastsetting av byggegrense er vidareført, men byggegrensa er no også justert i høve til funna i strandsone analysa.

I dei eksisterande byggeområda, som er vidareført frå gjeldande kommuneplan, må det også setjast byggegrense dersom det ikkje er reguleringsplan i området, eller der dette ikkje er gjort i reguleringsplan. Byggegrensa er lagt etter terrenget, og i mange tilfelle i vegglivet på eksisterande bygningar, slik at desse skal kunna utbetrast og mindre tiltak på eigedomane vil vere tillate bak eksisterande bygg. Det er lagt vekt på at strandsona skal vere så fri for private inngrep som mogeleg. Den skal og helst vere samanhengande slik at ålmenta kan nytte henne for å komme til sjø og for å kunne bevege seg langs sjøen eller få ein oppleving av strandsona frå båt.


Når det gjeld eksisterande næringseigedomar i strandsona så er byggegrensa stort sett lagt i sjøkant, så framt det ikkje kjem i konflikt med verdifulle ålmennteresser.

Byggegrensa for småbåthamner vert sett rundt føremålsgrensa.

Forbudsgrense sjø er no fjerna frå teiknforklaringa i kommuneplankartet, der det no berre ligg eit streksymbol for byggegrense :

	Kombinerte formål sjø og vassdrag - nåværende
	Byggegrense
	Kraftledning - nåværende
Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008	
	Planområde
	Planens begrensning

Men tidlegare **forbudsgrense sjø** ligg framleis inne på plankartet, noko justert :



Korleis skal dette tolkast ?

Er det no grunnlag for å ta rammesøknad nr. 2 for småbåthamna opp til politisk handsaming ?

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>

Sendt: 23. april 2019 10:54


Til: 'Silje Aileen Hjortland Haukedal' <silje.haukedal@radoy.kommune.no>; 'Postmottak Radøy' <postmottak@radoy.kommune.no>

Kopi: 'post@flohollen.no' <post@flohollen.no>; 'Kenneth Taule Murberg' <kenneth.murberg@me.com>; 'John Bauge' <John.Bauge@lindas.kommune.no>; 'Normann Sæbø' <normann.saebo@morenot.no>; 'Leif Gunnar Taule' <leif.taule@gmail.com>; 'Jon Askeland' <jon.askeland@radoy.kommune.no>; 'Lorentzen Pål Arne Frostad' <Pal-Arne-Frostad.Lorentzen@kmd.dep.no>; 'Christel Villanger Håland' <christel@villanger.net>; 'Nilsen, Hilde Rasmussen' <fmhohrn@fylkesmannen.no>; 'fmvlpost@fylkesmannen.no' <fmvlpost@fylkesmannen.no>

Emne: SV: Fløholmen småbåthamn

Takkar for svar.

På skissa nedafor er framlegget til reguleringsplan (frå 2011) lagt over kommuneplanen. Det illustrerte flytebyggjeanlegget er identisk med rammesøknad 1 (2009) og rammesøknad 2 (2018), og identisk med innspelet til kommuneplanen i 2010 (brev herifrå av 12. januar 2010).



Industriverksemda på Fløholmen har ein 100-årig historie ; sildoljefabrikk frå ca. 1920 og produksjon av elektromotorar frå ca. 1960 med inntil 75 tilsette.

Småbåtanlegget er utforma slik at verksemda sine parkerings- og sanitærfasilitetar kan nyttast, og verksemda skal kunna tilby service- og vinterlagring. Elektromotorkompetansen kan vera interessant ved overgang til elektrisk framdrift i småbåtflåten.

Arealet avsett til småbåthavn i reguleringsplanen (om lag 5,1 dekar) ligg vest for industriarealet og det tilhøyrande hamnearealet. Opptrekket for småbåtar vert liggjande på motsett side av industribygningane. Utearealet med utandørs båtlagring er avskjerma med ei grøn sone mot nabo.

Arealet avsett til småbåthavn i kommuneplanen er om lag 13,8 daa, dvs nær 3 gonger det som er planlagt og omsøkt frå Fløholmen AS si side. Kommuneplanens **formålsgrænse sjø** (SOSI-kode 1112) deler arealet i 3 : SB-1, 2 og 3. SB-2 vil sperre for sjøverts tilkomst til eksisterande industriareal.

I sak PLT - 009/2018 vart det gjort følgjande vedtak (utdrag) :

.....Hovudutvalet er positivt til at det vert starta nytt arbeid med privat framlegg til reguleringsplan for Fløholmen i tråd med Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23....

Hovudutvalet må få høve til å gjera nærare greie for kva dette i realiteten vil innebera, gjennom politisk handsaming av rammesøknad nr. 2.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Silje Aileen Hjortland Haukedal <silje.haukedal@radoy.kommune.no>

Sendt: 11. april 2019 17:29

Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>; Postmottak Radøy <postmottak@radoy.kommune.no>
Kopi: post@floholmen.no; Kenneth Taule Murberg <kenneth.murberg@me.com>; John Bauge <John.Bauge@lindas.kommune.no>; Normann Sæbø <normann.saebo@morenot.no>; Leif Gunnar Taule <leif.taule@gmail.com>; Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>; 'Lorentzen Pål Arne Frostad' <Pal-Arne-Frostad.Lorentzen@kmd.dep.no>; Christel Villanger Håland <christel@villanger.net>
Emne: SV: Fløholmen småbåthamn

Hei,

Vurdering av byggegrense mot sjø for eigedom gbnr 27/12, Fløholmen, kjem fram av vedlagte dokument.

Byggegrense er grå stipla linje i plankartet til kommuneplanen for Radøy 2011-2023. Flytebyggja, slik den er søkt om i søknad datert 20.08.2018 og supplert 24.08.2018, er i strid med byggegrensen i kommuneplanen. At flytebyggja, som søkt om, er i strid med byggegrensen er stadfesta av Fylkesmannen i Vestland i vedtak datert 11.01.2019.

Med helsing

Silje Haukedal
Konst. Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune
Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Tlf.dir: 56 34 90 82
E-post: silje.haukedal@radoy.kommune.no



Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: onsdag 10. april 2019 11:35
Til: Postmottak Radøy
Kopi: post@floholmen.no; Kenneth Taule Murberg; John Bauge; Normann Sæbø; Leif Gunnar Taule; Jon Askeland; Silje Aileen Hjortland Haukedal; 'Lorentzen Pål Arne Frostad'; Christel Villanger Håland
Emne: Fløholmen småbåthamn

25. mars 2019 sende eg følgjande melding til Kommunal- og moderniseringsdepartementet :

Spørsmål : Er begrepet (eller planelementet eller planproduktet) **Forbudsgrense sjø** (SOSI kode 1112) definert i forskrift eller rettleiar ?
Konkret problemstilling : sjå vedlagt notat.
Kva er det som er forbode – innafor eller utafør streken ?

Frå utredningsleder Pål A. F. Lorentzen i departementet har eg i dag fått følgjande svar :

Det vises til e-post fra 25. mars 2019.
Det er kommunen som bestemmer arealbruken i den enkelte kommune. Dette gjøres gjennom arealplaner etter plan- og bygningsloven. Det vil si at kommunen kan sette av områder til utbygging og vern, og gi nærmere bestemmelser om bruken.
Det er også kommunen som behandler konkrete saker, og som må vurdere og svare på hva som er tillatt innenfor et område som omfattes av en arealplan.
Departementet må derfor henvise deg til å ta kontakt med kommunen for å få svar på hva som er forbudt og tillatt.

Med tilvising til vedlagt notat og departementets tilbakemelding vil eg be om eit klårgjerande svar frå kommunen - med journalføring, og kopi til alle.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921